

# Suldal kommune

## Kommuneplan 2023 – 2034

### Føresegner og retningsliner arealdel

Vedteken av Suldal kommunestyret 25.09.23

<b>1. Generelle føresegner og retningslinjer .....</b>	<b>5</b>
1.1 Plankrav, jf. PBL § 11-9, nr 1.....	5
1.2. Unntak frå plankrav jf. PBL § 11-10 nr.1.....	5
1.3 Utbyggingsavtale, jf. PBL § 11-9 nr 2.....	6
1.4. Løysingar for vatn, avløp, avrenning, overvatn m.m. jf. PBL § 11-9 nr. 3.....	6
1.5 Løysingar for veg og transport jf. PBL § 11-9 nr. 3.....	6
1.6.Høgspentlinjer/teknisk infrastruktur.....	6
1.7.Rekkefølgekrav jf. PBL § 11-9 nr. 4 .....	7
1.8.Byggegrenser, utbyggingsvolum og funksjonskrav jf. PBL § 11-9 nr. 5 .....	7
1.8.1. Byggegrenser .....	7
1.8.2. Universell utforming.....	7
1.8.3. Uteareal og leikeplassar .....	7
1.8.4. Parkering.....	8
1.8.5. Avfallshandtering.....	8
1.9.Bygningar med støyfølsam bruk og støyande verksemder jf. PBL § 11-9 nr. 6 .....	9
1.10. Miljøkvalitet, natur og landskap jf. PBL § 11-9 nr. 6 .....	9
1.11. Bevaring av eksisterande bygg og annet kulturmiljø jf. PBL § 11-9 nr. 7 .....	9
1.12. Massehandtering jf. PBL § 11-9 nr 8 .....	9
1.13. Samfunnstryggleik jf. PBL § 4-3.....	10
1.13.1. Risiko og sårbarheit .....	10
1.13.2. Skredfare .....	10
1.13.3. Flaum, havnivåstigning og stormflo .....	10
<b>2. Føresegner til arealføremål etter PBL § 11-7.....</b>	<b>12</b>
2.1 Område for bygg og anlegg jf. PBL §11-7 nr 1.....	12
2.1.1 Bustad.....	12
2.1.2 Fritidsbustad.....	12
2.1.3 Næringsområde.....	13
2.1.4 Råstoffutvinning .....	13
2.1.5 Kombinerte føremål bygg og anlegg .....	14
2.1.6 Andre typar bygningar- naust, brygger og småbåtanlegg.....	15
2.1.7 Fritids- og turistføremål.....	15
2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur .....	16
2.2.1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur .....	16
2.3. Grønstruktur .....	16
2.3.1 Friområde .....	16

2.3.2 Turdrag .....	16
<b>2.4. Landbruk, natur- og friluftsføremål (LNF).....</b>	<b>17</b>
2.4.1 LNF-område .....	17
2.4.2. LNF-område med høve til spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad .....	17
<b>2.5. Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone j.f PBL § 11-7 nr. 6.....</b>	<b>22</b>
2.5.1. Felles føresegner for heile sjøområdet (BSV).....	22
2.5.2 Ferdsel (FE) .....	22
2.5.3 Farled.....	22
2.5.4 Hamneområde i sjø (HOS) .....	22
2.5.5 Småbåthamner (SH) .....	23
2.5.6 Område for fiske (FI).....	23
2.5.7 Område for natur (NO).....	23
2.5.8 Friluftsområde (FV).....	23
2.5.9 Område for akvakultur (AKV) .....	23
2.5.10 Kombinerte føremål (VK).....	24
<b>3 Omsynssoner jf. PBL §11-8 .....</b>	<b>26</b>
<b>3.1 Sikring-, støy og faresoner jf. PBL § 11-8 a)</b> .....	26
3.1.1. Omsynssone område for grunnvassforsyning H120 .....	26
3.1.2 Omsynssone støy H210, H220 og H290 .....	26
3.1.3 Omsynssone fare kvikkleire H310_1 .....	27
3.1.4 Omsynssone fare skytebane H360 .....	27
3.1.5 Omsynssone fare høgspenningsanlegg H370.....	27
<b>3.2 Omsyn til landbruk, reindrift, mineral ressursar, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø § 11-8 c) .....</b>	<b>28</b>
3.2.1. Omsynssone friluftsliv H530.....	28
3.2.2 Omsynssone grønstruktur H540.....	28
3.2.2. Omsynssone prioriterte kulturlandskap H550_1-2-3 .....	28
3.2.3. Omsynssone bevaring naturmiljø H560_1-11.....	28
3.2.4. Omsynssone prioriterte kulturmiljø H570 .....	29
3.2.5. Omsynssone randområde til landskapsvernområde H580_1-2.....	29
3.2.6. Omsynssone råstoffutvinning H590 .....	30
<b>3.3. Bandleggingssone jf. PBL § 11-8 d).....</b>	<b>32</b>
3.3.1 Bandlagt for framtidig regulering H710 .....	32
3.3.2 Bandlegging etter naturmangfaldslova H720.....	32
3.3.3 Bandlegging etter lov om kulturminne H730 .....	32
3.3.4 Bandlegging etter andre lover H740 .....	33

**3.4 Sone kor gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelde uendra jf. PBL § 11-8 f)..... 34**

# Suldal kommune

## Kommuneplan 2022 – 2034

### Arealdel

Arealdelen består av føresegner som er rettsleg bindande saman med plankartet. Hovudkartet syner arealføremåla og kartlaga syner skred- og flaumskredfare, snø- og steinskredfare, flaumfare, stormflo, marin grense, kulturminne og omsynssoner.

Kommuneplanens arealdel skal leggjast til grunn ved planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen, saman med reglane i plan- og bygningslova (Pbl) og statleg regelverk som er heimla i denne lova. Føresegnerne er rettsleg bindande, med heimel i Pbl § 11-6. Retningslinjene skal leggjast til grunn ved handsaming av arealbruksaker. Alle paragraf-tilvisingar gjeld plan- og bygningslova.

Plankartet finn du her: <https://www.kommunekart.com/klient/suldal/kplan>

#### **FORHOLDET TIL ELDRE DETALJPLANAR OG BEBYGGELSESPPLANAR PBL § 1-5, ANNEN LEDD**

Juridisk bindande arealplanar vedtatt før kommuneplanen sin arealdel gjeld framleis. Plan- og bygningslova sine prinsipp om at siste planvedtak gjeld er gitt i § 1-5. Ved eventuell motstrid går kommuneplanen, ny plan eller statleg eller regional planføresegn framfor eldre plan. For eldre reguleringsplanar betyr dette at der kommuneplanen angir ny føring for arealbruk eller utnytting, vil dei delane av reguleringsplanen som er i motstrid med kommuneplanen bli sett til side. For at det skal vera mogleg å gjennomføra tiltak ved motstrid, vil det i enkelte tilfelle bli krav om reguleringsendring.

## 1. Generelle føresegner og retningslinjer

### 1.1 Plankrav, jf. PBL § 11-9, nr 1

I område for bygg og anlegg kan arbeid og tiltak som nemnt i PBL § 20-1 samt frådeling til slike føremål ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Det kan likevel tillatast oppført nye bygningar til erstatning for gamle, òg gjenoppføring etter brann, utan at dette utløyser plankrav.

### 1.2. Unntak frå plankrav jf. PBL § 11-10 nr.1

Kommunen kan fråvike plankravet for mindre utbyggingar, ombyggingar og bruksendringar når desse punkta er oppfylt:

- 1) utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil 2 nye einingar
- 2) utbygginga ikkje forringar viktige fellesareal, grøntareal, leikeareal eller automatisk freda kulturminne. Alle byggesøknader skal sendast til Rogaland fylkeskommune på høyring for vurdering etter §§ 3, 8 og 9 i Lov om kulturminne.
- 3) utbygging ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser.
- 4) tilfredsstillande veg og parkeringsløysingar er sikra.
- 5) utbygginga underordnar seg eksisterande bygningar m.o.t. høgde, volum, utnyttingsgrad
- 6) utbygginga kan nytte seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem
- 7) fagkyndig ROS-analyse jf TEK 17 ligg føre

Til bustader kan det leggjast til rette for to parkeringsplassar pr. bueining. Krav om leikeplass gjeld like fullt, jf § 12

### 1.3 Utbyggingsavtale, jf. PBL § 11-9 nr 2

Behovet for utbyggingsavtale skal vurderast etter PBL kap. 17, der det er nødvendig å sikra at utbygging skjer i samsvar med intensjonar i kommuneplanens arealdel, reguleringsplan, utbyggingsplan og kommunens handlings og økonomiplan. Dei til kvar tid gjeldande retningslinjer for utbyggingsavtalar i Suldal kommune skal følgast.

### 1.4. Løysingar for vatn, avløp, avrenning, overvatn m.m. jf. PBL § 11-9 nr. 3

- a) Nye bustader skal knytast til vass- og avløpsanlegg der dette eksisterer.
- b) Tilknytingsplikta til offentleg vann- og avløpsanlegg gjeld og for fritidsbustader der dette er mogleg.
- c) Ved utbygging eller fortetting må ikkje bygningar eller faste konstruksjonar leggast nærmare enn fire meter frå senter av vass- og avløpsleidning.
- d) Lokal overvasshandtering skal leggjast til grunn ved regulering, detaljutforming og prosjektering av tiltak. Opne og naturbaserte løysingar skal nyttast i alle tilfelle kor dette er praktisk mogleg. Det må dokumenterast dersom dette ikkje kan veljast. Handtering av nedbør skal vanlegvis skje gjennom infiltrasjon i grunnen og via opne vassvegar. Naturlege flaumvegar i eller i nærleik til utbyggingsområde skal kartleggast og i størst mogleg grad bevarast. Lukking av bekkar er ikkje tillat, og eksisterande bekkar skal bevarast så nært opp til si naturlege form som mogleg. Dersom andre løysingar vert velt, skal det grunngis kvifor naturbaserte løysingar er valt bort.
- e) Det skal ikkje gis løyve til byggetiltak før det er dokumentert at omsyn til overvatn er ivaretatt.

***Retningslinje til 1.4: Privat avlaupshandtering skal være i tråd med Forureiningsforskrifta §12.***

### 1.5 Løysingar for veg og transport jf. PBL § 11-9 nr. 3

- a) Avkjørsler frå fylkesveg og riksveg, i strid med godkjent arealplan, skal godkjennast av vegmynde.

### 1.6. Høgspentlinjer/teknisk infrastruktur

Teknisk infrastruktur på, over og under bakken kan opparbeidast utan reguleringsplan uavhengig av arealføremål i arealplanen dersom:

- a)
  - Omfanget av tiltaket er vurdert etter Forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR-2017-06-21-854)
  - Tiltaket ikkje gir vesentleg skade eller ulemper på naturmangfald, friluftsliv eller landbruksinteresser.
  - Framtidige trasear, samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, skal på eit tidleg tidspunkt i planleggingsfasen søkjast lagt utanom automatisk freda kulturminne. Alle trasealternativ og føreslegne tiltak skal også sendast på høyring til Rogaland fylkeskommune.
  - Tiltaket ikkje kjem i konflikt med risiko- og/eller sårbarheits forhold
- b) Kommunen kan til ei kvar tid krevje dokumentasjon på at punkta ovanfor er ivaretakne før det blir gitt byggeløyve.

- c) Det er ein føresetnad at traseen blir tilbakeført til tilnærma opphavleg tilstand når arbeidet er avslutta.
- d) Tiltaka kan tillatast nærmere sjø og vassdrag enn byggegrensene i pkt. 1.8.1, dersom punkta nemnd over (1.6.a)) er ivaretakne.

**Retningslinje til 1.6:** *Teknisk infrastruktur er vass-, avløp- og overvassleidningar, fjernvarmeanlegg, IKT-anlegg, straum- og kraftinstallasjonar i tråd med områdekonsesjonar.*

## 1.7. Rekkefølgekrav jf. PBL § 11-9 nr. 4

Arbeid og tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 kan ikkje starte før det er etablert eller sikra godkjente løysingar for teknisk anlegg for vassforsyning og avløp, overvatn, tilkomst og parkering, energi, renovasjon og leikeareal.

## 1.8. Byggegrenser, utbyggingsvolum og funksjonskrav jf. PBL § 11-9 nr. 5

### 1.8.1. Byggegrenser

- a) For byggegrense langs sjø og vassdrag gjeld plan- og bygningslova § 1-8 (forbod mot tiltak i 100 meters belte langs sjø og vassdrag) der ikkje anna byggegrense går fram av kommuneplan eller reguleringsplan. Forbodet etter § 1-8 gjeld ikkje oppføring av naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag som skal tene landbruk, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs, jf. § 11-11 nr. 4. For landbruk skal andre alternativ enn oppføring i strandsona vurderast. Nye etableringar skal ikkje stenge for eksisterande turvegar eller naturleg tilkomst til strandsona.
- b) Byggegrense mot vatn og vassdrag er 50 meter (100 meter i verna vassdrag).
- c) Etter veglova § 29 skal byggegrensa langs riks- og fylkesveg gå i ein avstand på 50 meter frå midtlinja. Byggegrensebeltet kan i ein reguleringsplan fastsetjast smalare eller breiare enn det som er veglovens regel. Føresegnene om byggegrenser i ein endeleg reguleringsplan går framfor veglova § 29.
- d) Byggegrense langs kommunal veg er 15 meter frå senterlinje.

### 1.8.2. Universell utforming

- a) Alle reguleringsplanar skal dokumentere korleis det er teke omsyn til universell utforming både internt i planområdet og mot tilgrensande område.
- b) Avvik frå krav om universell utforming skal grunngjenvært, avklarast og godkjennast før vedtak av reguleringsplan.

### 1.8.3. Uteareal og leikeplassar

- a) Alle reguleringsplanar skal greie ut kva konsekvensar tiltaket har for barn og unge. Ved planlegging av uteareal og leikeplassar skal det alltid være et tilbod til barn med nedsett funksjonsevne. Leikeplassane skal være eigna som sosial møteplass for alle aldersgrupper og gi høve for leik til alle årstider. Som hovudregel skal leikeareal opparbeidast på eigen tomt. Dersom leikeplass på andre sin eigedom skal kunne tilfredsstille kravet må denne være offentleg tilgjengeleg.

b) Alle bustadar i bustadområda skal sikrast minst 30 m<sup>2</sup> tilgjengeleg areal til felles uteopphold per bueining. Areala skal liggja på bakkenivå og vera mest mogleg samanhengande. Områda skal ha trafikksikker tilkomst frå bustadane, vera av god kvalitet og ha tilfredsstillande solforhold, samt skjermast frå trafikk, forureining og støy. Naturlege kommunikasjonsveger til funksjonsområder skal ivaretakast. I verneområder kan krava delvis bli sett bort frå med omsyn til bygningsvern.

c) Ved planlegging av nye bustader gjeld følgjande norm for tilgang til leik og rekreasjonsareal frå regionalplan for samordna arealbruk og transport i Ryfylke 2017-2030:

Type areal	Dekker antall bustader	Minimum størrelse	Anbefalt maks avstand til bustad
Nærleikeplass (sand- lekeplass)	4-25	150 m <sup>2</sup>	50 m
Områdeleikeplass (kvartalslekeplass)	25- 200	1500 m <sup>2</sup>	150 m
Aktivitetsflate (ballfelt)	150- 600	2500 m <sup>2</sup>	400 m
Rekreasjonsområde (sentralt leikefelt)	600- 1200	6000 m <sup>2</sup>	500 m

d) Dersom tilgang på leikeplass som tilfredsstiller krava ikkje finst innan trafikktrygg gangavstand, skal opparbeiding av leikeplass sikrast gjennom rekkjefølgekrav i reguleringsplan.

**Retningslinje til 1.8.3:** *Leikeplass treng ikkje å opparbeidast på eiga tomt, men tilgang på leikeareal innan trafikktrygg gangavstand frå bustad skal dokumenterast i reguleringsplanen.*

#### 1.8.4. Parkering

Kommunen kan fastlegge ei øvre og nedre grense for parkeringsdekning i føresegner til reguleringsplanar og i konkrete byggesaker i medhald av PBL § 11-9, nr 5

- Bustadar og fritidsbustader skal ha biloppstillingsplassar til to bilar i reguleringsplan. Den eine kan vera garasje for bustadar. I Sand sentrum er kravet 1. plass pr. bustad under 80 m<sup>2</sup>.
- For bustad- og næringsområde skal all parkering etablerast på eiga tomt. For fritidsbustadar utan reguleringsplan, skal parkering dokumenterast ved byggesøknad og være opparbeida før det blir gitt ferdigattest.
- Etablering av nye avkjørsler, eller utvida bruk av eksisterande avkjørsler, skal godkjennast av vegmynde.

#### 1.8.5. Avfallshandtering

Alle bustader, fritidsbustader og næringsanlegg er pålagt å knytte seg til kommunens renovasjonssystem.

## **1.9. Bygningar med støyfølsam bruk og støyande verksemder jf. PBL § 11-9 nr. 6**

Gjeldande retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging skal leggast til grunn ved all planlegging, nyetablering og bruksendring.

## **1.10. Miljøkvalitet, natur og landskap jf. PBL § 11-9 nr. 6**

- a) Inngrep i og om disponering av myr og matjord skal haldast på eit minimum.
- b) Ved tiltak i nærleiken av myr skal eventuelle dreneringseffektar unngås.

## **1.11. Bevaring av eksisterande bygg og annet kulturmiljø jf. PBL § 11-9 nr. 7**

Rogaland fylkeskommune har ikkje sagt seg einig i arealbruken på land og i sjø på kommuneplannivå, jf. Lov om kulturminner § 8.4. ledd og § 14.

- a) Det skal takast omsyn til verneverdige kulturminne frå nyare tid, bygningar og anlegg, kulturlandskap og kulturlandskapselement generelt.
- b) Alle tiltak på kulturminne frå nyare tid, bygningar og anlegg, bør utførast på ein antikvarisk akseptabel måte, og eventuelle nybygg eller tiltak i nærleiken må ta nødvendig omsyn til, og bli tilpassa kulturminnet.
- c) Kommunen har eit mål om at alle verneverdige kulturminne skal bevarast. Ved søknad om riving eller tiltak på eller ved kulturminne og kulturmiljø som inngår i kulturminneplanen og eventuelt andre kulturminne med høg verneverdi, skal saka sendast fylkeskommunen som kulturminnemyndigkeit til uttale før handsaming
- d) Kulturminne som er frå før år 1537 er freda i høve kulturminnelova § 4 og skal forvaltast etter kulturminnelova sine føresegner §§ 3, 8 og 9. Kulturminna er markert med rune R eller omsynssone H730 i temakart kulturminne i kommuneplanen. Søknad om tiltak skal sendast regional kulturminnestyresmakt for vurdering.
- e) I plan- og bygesakshandsaminga skal kulturminne og kulturmiljø dokumenterast. Det skal illustrerast i planar korleis viktige kulturminneverdiar vert ivaretake. Ved søknad om byggeløyve skal det dokumenterast at tiltaket ikkje vil røra freda kulturminne som nemnt i kulturminnelova §§ 3 og 14 eller gjera kulturminna mindre tilgjengeleg.
- f) I reguleringsplanar som omfattar middelalderkyrkjegardar (Vinjar, Sand, Jelsa) gjeld: Middelalder kyrkjegardane er automatisk freda kulturminne. I dei delane av kyrkjegarden som ligg innafor område for middelalderkyrkjegarden er det berre tillate med gravlegging i gravfelt som har vore i kontinuerleg bruk etter 1945. Gravfelt som ikkje har vore i bruk etter 1945 skal ikkje brukast til gravlegging eller andre inngrep.

## **1.12. Massehandtering jf. PBL § 11-9 nr 8**

- a) For alle reguleringsplanar skal massar i planområdet og disponering av desse beskrivast i planbeskrivinga. I reguleringsplanar som gir over 10 000 m<sup>3</sup> masse skal det som ein del av reguleringsplanen utarbeidast ein massedisponeringsplan.
- b) Der utbygging vil komme i berøring med fulldyrka, overflatedyrka eller dyrkbar jord skal godkjent plan for bevaring/ gjenbruk av matjord følgje med søknad om rammeløyve. For tiltak som krev regulering skal plan for bevaring/ gjenbruk av matjord utarbeidast som ein del av

reguleringsplanen.

## 1.13. Samfunnstryggleik jf. PBL § 4-3

### 1.13.1. Risiko og sårbarheit

Vurdering av risiko og sårbarheit skal dokumenterast ved regulering av nye område eller ved søknad om tiltak som ikke krev regulering. Krav i TEK17 kap. 7 skal vere oppfylt for alle tiltak.

### 1.13.2. Skredfare

a) For alle planer og tiltak innanfor aktseområde eller faresone for ras og skred skal det dokumenterast at tryggleik er ivareteke i samsvar til krav i pbl. § 28-1 og TEK17 § 7-3 med rettleiing. Eventuelle avbøtande tiltak skal inngå som vilkår i byggeløyve eller som rekkjefølgje krav i reguleringsplan.

b) Ved søknad om alle typar tiltak (inkl. reguleringsplan) innanfor marin grense jf. temakart marin grense skal:

Ved utarbeidning av reguleringsplan og behandling av byggesak innanfor sonen må det dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot områdeskred, jfr. krav i TEK17 § 7-3 med rettleiing, herunder NVE sin rettleiar 1/2019.

Tiltaket kan gjennomførast utan dokumentasjon av geoteknikkar dersom tiltaket kan plasserast i tiltakskategori K0 og tiltaket ikke forvollar stabiliteten, og at tiltaket blir utført i samsvar med vedlegg 2 i NVE-rettleiar nr. 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkkleireskred».

For andre tiltakskategoriar skal det gjennomførast ei geoteknisk vurdering før tiltaket kan settast i gang.

Ved inngrep i strandsona eller utfylling i sjø skal det utførast ein geoteknisk utgreiing.

c) Ved alle terrengeinngrep og utbyggingar, skal den som utfører tiltaket sjå til at tryggleiken (m.a. skredfare) for seg sjølv og andre, er ivaretatt før tiltak blir sett i gong. Dette gjeld og for mindre tiltak som graving og utfylling av massar (t.d. grøfting, bakkeplanering og vegbygging).

### 1.13.3. Flaum, havnivåstigning og stormflo

a) Aktseområde for flaum er vist i temakart naturfare. For utbygging langs sjø og vassdrag skal flaumkapasiteten til vassdraga oppretthaldast. Det skal sikrast at tiltak ikkje påverkar flaumkapasitet i andre delar av vassdraget eller nedslagsfeltet, eller at det har negativ påverknad for miljøtilstand i/langs vassdraget. For alle planer og tiltak innafor omsynssone for flaum og erosjon skal det dokumenterast att tryggleik er ivareteke i samsvar til krav i pbl. § 28-1 og TEK17 § 7-2 med rettleiing.

b) Bekker og elveløp må så langt det er råd ikkje bli endra i utbyggingsområde. Eksisterande bekker skal bevarast så nært opp til si naturlege form som mogleg. Lukka vassvegar skal tilbakeførast i den grad det er mogleg. Ved utbygging og tiltak som medfører at bekker eller elveløp blir lagt i røyr eller innsnevra på annan måte, skal tiltakshavar dokumentera at tiltaket er dimensjonert for ekstreme nedbørsmengder. Dokumentasjonen skal ta utgangspunkt i oppdaterte flaumfarekart med min. 20 % klimapåslag samt påslag for kort og intens nedbør med minst 40 %. Utgreiinga skal også visa alternativ vassveg/flaumløp ved ekstremnedbør. I utgreiinga skal det takast omsyn til nedslagsfeltet som vil gi vatn til røyret eller innsnevringa.

c) Bygg og anlegg skal utformast og plasserast eller sikrast for å hindre skade ved tidevassnivå opp til og med stormflo med klimapåslag. Det er ikkje tillat å etablere bygningar med bygningsdelar lågare enn kote +3 meter (referert til kartgrunnlag NN2000) utan at det er vurdert av fagkyndige og eventuelt sett i verk avbøtande tiltak mot konsekvensar av framtidig havnivåstigning og stormflo.

- d) Konsekvensar av havnivåstigning og stormflo skal alltid vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplanar.
- e) Ved søknad om tiltak på eksisterande bygningar med bygningsdelar lågare enn kote +3 meter skal byggteknisk forskrift (TEK) bli lagt til grunn ved vurdering av sikringstiltak.

**Retningslinje til 1.12.3:** Dersom det er grunn til å tru at eit område er utsett for flaum, flaumskred, erosjon eller isgang skal kommunen sjå til at det blir gjort nødvendige undersøkingar og innhenta tilstrekkelege uttalar frå fagmyndigheter og berørte parter før forslag til reguleringsplan blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn, eller før byggesøknad kan godkjennast.

## 2. Føresegner til arealføremål etter PBL § 11-7

### 2.1 Område for bygg og anlegg jf. PBL §11-7 nr 1

#### 2.1.1 Bustad

Gjeld framtidige bustadområde.

**Føresegner:**

- Det skal ved utarbeiding av detaljplan leggast til rette for variasjon i bustader innan planområdet.
- I område avsett til bustad B2- Vatlandsvåg skal reguleringsplan og omfatte område avsett til fritidsbustad FB4. Reguleringsplan skal innehalde utgreiing om fare for kvikkleire og skred og eventuelle krav om avbøtande tiltak skal innarbeidast.

#### 2.1.2 Fritidsbustad

Gjeld regulering og detaljregulering av område som er sett av til fritidsbustader i kommuneplan.

**Føresegner:**

- Det skal ved utarbeiding av detaljplan takast omsyn til ålmente sine interesser, særleg i 100-metersbelte ved sjø og vassdrag. Det skal avsettast ei sone mellom bebygd område og sjø og vatn/vassdrag til friluftsformål. Tiltak i strandsona skal samlokalisera i størst mogleg grad.
- Det skal leggjast avgjerande vekt på omsynet til landskapstilpassing og biologisk mangfold og det skal i størst mogleg grad bli tatt vare på naturleg terrell og vegetasjon.
- Parkeringsløysing skal dokumenterast med minst 2 parkeringsplassar pr. fritidsbustad. Felles parkeringsanlegg skal vurderast for å hindre nedbygging av naturområde.
- Ein skal ivareta eksisterande sti og løypenett i området (dersom sti/løypenett vert berørt skal dei fullverdig erstattast som ein del av reguleringsprosessen).
- I gjeldande reguleringsplanar for fritidsbustader, der maksimal arealstorleik er på inntil 80 m<sup>2</sup> BYA, kan det søkast om å bygge uisolert uthus/bod på inntil 10 m<sup>2</sup> i ei høgd. Denne kan vera frittliggjande eller som tilbygg til fritidsbustaden. Samla bebygd areal kan likevel ikkje overskride 90 m<sup>2</sup>BYA.
- For område FB2 – Udlestad er det krav om utarbeiding av reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde utgreiing om fare for kvikkleire, snøskred og steinsprang. Eventuelle krav om avbøtande tiltak skal innarbeidast. Det er også krav om ei trafikktryggleiksvurdering ved planlegging av avkøyrslle.
- FB4 Vatlandsvåg – krav om felles regulering med B2

*Retningslinjer:*

- Areal avsett til fritidsbustad som har lagt inne i to kommuneplanperioder utan å realiserast skal vurderast om det skal takast ut av plan ved kommuneplanrullering.*
- For utarbeiding av reguleringsplan for fritidsbustad gjeld følgjande retningslinje: Til uteslys i område for fritidsbustadar (konsentrert og frittståande) og utleigehytter kan det berre settest opp 1 lampe på veggen ved utgangsdører, men maks. 3 på kvar hovudhytte og 1 på kvart annex/uthus. Lyskjelda skal avblendast nedover*

## 2.1.3 Næringsområde

Område avsett til næring.

### Føresegner:

- a) I eksisterande næringsområde Bergshagen, Sand skal tilhøvet til sikringssone for drikkevasskjelde avklarast i detaljplan. I dette området kan det ikke etablerast detaljhandel som ikkje er særleg plasskrevjande.
- b) I område avsett til framtidig næring sør på Berakvam **NÆ 1** skal framtidig reguleringsplan omfatte felles regulering av område avsett til hamn i sjø **HOS1**, og eventuelt omregulering av sørlege delar av reguleringsplan Berakvam (planid 201011).

Framlegg til reguleringsplan skal ha utgreiingar om:

- Vurdering og plassering av fleire avbøtande tiltak som skjermar/vollar for å redusere støy og landskapsverknad.
  - Stabilitetsforhold knyta til utfylling i sjø. Desse utgreiingane skal følge Norsk Standard for geoteknikk (NS\_EN 1997-2)
  - Korleis fyllingsfronten skal formast, eller dekkast, av ein substans som fremmar rekolonisering av tare
  - Plan for avbøtande tiltak mot partikkelspreiing under opparbeiding av kaiområdet
  - Plan for oppsamling av avrenning frå kaiområdet
  - Vurdering av moglegheita for marine kulturminne.
- c) I område avsett til framtidig utviding av næringsområde på Helland **NÆ 2** skal kai og veg til kai fortsett vere i kommunal eige.
- d) I område avsett til framtidig næring i Ytra Finnvik **NÆ 3** skal reguleringsplan og omfatte felles regulering av hamneområde i sjø og område for småbåtanlegg. Arealplanlegginga av området skal legge vekt på god landskapstilpassing. Reguleringsplan skal innehalde utgreiing om fare for kvikkleire og skred og eventuelle krav om avbøtande tiltak skal innarbeidast.

## 2.1.4 Råstoffutvinning

Område avsett til framtidig råstoffutvinning.

### Føresegner:

- a) I område avsett til framtidig råstoffutvinning på Berakvam **RU1** vert desse krava sett til framtidig reguleringsplan:

- Reguleringsplan skal vise etappevis utbygging i tre trinn ned til kote +50. (trinna er markert i kommuneplankartet) Trinn 1 er vist som RU1, trinn 2 er vist som RU4 og trinn 3 skal utvinne ressursen i trinn 1 og 2 nedover til kote + 50 og er vist som RU5.
- I reguleringsplan kan det visast eit meir naturleg skilje mellom område uttaksområda (trinn 2 og 3) og omsynssona i nord dersom det ikkje reduserer arealet på omsynssona vesentleg
- Uttaket må gjennomførast slik at uttaksområdet er mest mogleg skjerma for omgivnaden. Krav om etappevis utbygging som startar opp i sør aust og vert utvida langs austleg side mot nordaust i fleire etappar. Dette for å avgrense innsyn og støy for fritidsbustader og fastbuande (særleg vest for uttaksområdet) ved at drifta føregår i bakkant av ein brotkant og for det meste på eit mykje lågare nivå enn brotkanten.
- Det må etablerast fleire støy og vegetasjon skjermar i området og om mogleg la naturlege terrengformer (åsrygger)skjerme mot innsyn og vern mot støy og støv.

- Nye terrengformar bør ikkje skilje seg ut ifrå dei naturlege i området og silhuettlinna bør tilpassast det som er naturlig på staden.
- Justering av trase og utforming av tilkomstveg skal vurderast for mest mogleg landskapstilpassing og for å redusere konfliktnivået i høve til registrerte naturtypar.
- All avrenning frå RU1 skal gå via sedimenteringsbasseng.
- All restavrenning, det som ikkje blir sedimentert på land, skal skje mot Sandsfjorden og ikkje Økstrafjorden.
- Nedsprenget utløp på Vendalsmyra skal reverserast til opphaveleg utløp.
- For å redusere behovet for deponering bør volumet av overskotsmassar avgrensast. Det må vurderast om reine overskotsmassar kan tilbakeførast til ferdig utdrevne område i dagbrotet
- Detaljreguleringa skal innehalde krav til korleis avdekking av jordsmonn skal gjennomførast. Mellom anna skal det bli sett krav til ei trinnvis avdekking innanfor dei ulike utbyggingstrinna. All avrenning skal leiaast inn i steinbrotet.
- Behov for ytterlegare utgreiingar i høve til reguleringsplan:
  1. Bonitering/feltarbeid i høve til konsekvensar for vassmiljøet
  2. Undersøkingar/feltarbeid i høve til konsekvensar for det marine livet i fjorden.
  3. Nærare vurdering av trase og utforming av anleggsvegen med fokus på alternativ/ avbøtande tiltak i høve til landskap og naturtypar.
  4. Utgreiing av bruk av alternative energikjelder for å redusere klimagassutslepp.

**Rekkjefølgekrav:** Før område RU1 kan opnast for drift skal det vere ferdig prosjektert og opparbeidd løysningar for å hindre avrenning frå eksisterande kai/produksjonsområde ved Sandsfjorden.

b) Område avsett til råstoffutvinning Fjetland **RU2** muresteinsteinbrot. Regulering av området skal sjåast i samanheng med området avsett til fritids- og turistformål **FTU1**

## 2.1.5 Kombinerte føremål bygg og anlegg

Område på Berakvam **KBA1** næring og råstoffutvinning

### Føresegner:

a) Reguleringsplan Berakvam (planid 201011) skal gjelde fram til vedtak av ny reguleringsplan for området. Gjenverande mineralressursar skal framleis nyttast fram til ei ny regulering er avklart. Vert området omregulert til industri vert ikkje mineralførekomensten øydelagt og ein eventuell rest av mineralførekomensten kan framleis nyttast på eit seinare tidspunkt.

b) Det er krav om utarbeiding av reguleringsplan for området. Området skal regulerast saman med framtidig område avsett til hamneområde Strambergsundet (Berekvam) **VK16** i sjø. Det vert sett følgande krav til reguleringsplan:

I reguleringsplan må det dokumenterast at laksebestandane i Sandsfjorden ikkje får ytterlegare redusert tilstand ved tiltaket. Smolten og den vaksne laksen sin vandringsveg i området må kartleggast, og det må utgreiast kva ulemper tiltaket får og eventuelt vurdere alternativ plassering/avbøtande tiltak. Tiltaket skal utformast og driftast på ein måte som ikkje bidreg til redusert overleving i sjø av betydning for laksebestanden i Suldalslågen eller til redusert naturleg produksjon av villaks i det nasjonale laksevassdraget Suldalslågen.

I reguleringsplan må utbreiinga av korallar i Straumbergsundet og Midtsundet kartleggast og det må dokumenterast at tilstanden ikkje blir forringa som følge av tiltaka.

Følgjande avbøtande tiltak skal utgreiast i reguleringsplan:

- Om kaianlegget kan avgrensast slik at ein kan oppretthalde ein terrengbuffer- spesielt viktig i høve til Ytre Høyvik/Skreddarneset også som støyskerm
- Å etablere ein sone mellom kaianlegget og industrianlegget der det vert anlagt ein voll med vegetasjonsskerm.
- Vidare sikring av revegetering av brokanten (i bakkant av industriområdet)
- Bruken av lys på anlegget gjennom tiltak som reduserer direkte lys ut av området og lys mot himmel/skydekke.
- Risiko for permanent og akutte utslepp, under opparbeiding av området og ved drift, må vurderast ved detaljregulering og eventuelt risikoreduserande tiltak må innarbeidast i planen.
- Det må utarbeidast støyrapporrt ved detaljplan og støyreduserande tiltak må vurderast. Samla støybelastning for alle tiltaka i området må vurderast
- Greie ut om samla belastning jf. naturmangfaldlova § 10.
- Utgreiing og konsekvensar knyta til ny farlei og omlegging av FV 517

## 2.1.6 Andre typar bygningar- naust, brygger og småbåtanlegg

Område der ein skal etablere anlegg som er knytt til naust, brygger og småbåthamner, både på land og sjøareal.

**Føresegner:**

- a) Naust/sjøhus skal ikkje ha større grunnflate enn 35 m<sup>2</sup> utan loft, mønehøgd 4,5 m og gesimshøgd 3,0 m.
- b) Det skal ikkje tillatast endringar av naturleg terrenge ut over det som er naudsint for bruk til lagring av båtar, med mindre dette er spesifikt tillate i gjeldande reguleringsplan.
- c) Etablering av brygger skal vurderast ut frå djupnetilhøve. Brygge skal ikkje vera til hinder for andre brukarar av området. Brygger og småbåthamner skal ikkje oppførast utan avklaring gjennom plan.
- d) Brygger og moloar skal dimensjonerast etter sikkerheitsklasse 2 i TEK17

## 2.1.7 Fritids- og turistføremål

For områda FTU1 (Fjetland), FTU2 (Tveita) og FTU3 (Erøy) skal jordlova framleis gjelde

## 2.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

### 2.2.1. Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Område avsett til framtidig vegtrase på Berakvam **ST1**.

**Føresegner:**

- a) Utbygging skal skje etter godkjent reguleringsplan. Trase og utforming av anleggsvegen skal vurderast med fokus på alternativ/avbøtande tiltak i høve til landskap og naturtypar.

Gjeld framtidige riks- og fylkesvegar.

**Føresegner:**

- b) Utbygging skal skje etter vedteken detaljplan. Detaljplan skal også visa mellombelse riggplassar m.m. og eventuelle deponeringsområde for overskotsmassar.

## 2.3. Grønstruktur

### 2.3.1 Friområde

Område avsett til friluftsformål for ålmenta

**Føresegner:**

Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak etter §20-1 eller frådelast til slike formål, med unntak av tiltak som fremjar friluftslivet.

### 2.3.2 Turdrag

Omfattar trase langs Suldalslågen på strekninga Sand – Suldalsosen og trase langs kysten Jeslavågen – Giljestranda

**Føresegner:**

Langs desse traseane kan det ikkje setjast i verk tiltak som i vesentleg grad forringar høve til allmenn ferdsel. Det kan etablerast tursti/gangveg/sykkelveg etter avtale mellom kommunen og grunneigar, eller etter detaljplan. Alle forslag til trase skal sendast Rogaland fylkeskommune til vurdering. Tiltak kan ikkje gjennomførast før forholdet til kulturminne er avklart.

## 2.4. Landbruk, natur- og friluftsøremål (LNF)

### 2.4.1 LNF-område

I LNF-område er det bygge – og deleforbod utanom tiltak for stadbunden næring, landbruk og fiske.

#### Føresegner:

- a) Ovanfor 100-metersbeltet langs sjø er det tillat å oppføre nødvendige bygninger, mindre anlegg og opplag med sikte på landbruk. Bygningene og anlegg skal plasserast i tilknyting til eksisterende tun og busetnad, og det skal takast særlig omsyn til allmenne interesser så som natur- og kulturmiljø, friluftsliv og landskap. Nye bygningene skal ikke plasserast nærmere sjøen enn eksisterende busetnad i området
- b) På landbrukseigedomar som hovedsakleg ligg i 100-metersbeltet ved sjø kan det oppførast naudsynte bygningene, mindre anlegg og opplag knytt til landbruksverksemder nærmere enn 100 m fra sjøen, dersom ein ikke kan finna alternativ plassering og/eller det blir plassert i tilknyting til eksisterende tun. Ved plassering skal det tas omsyn til andre vesentlege interesser jfr. PBL § 1-8.
- c) Bustader skal ikke vera større enn  $250\text{ m}^2$  BYA, med mønehøgd 8 m, gesimshøgd 6 m over terrenget.  
Jakt- og sankebuer skal ikke vera større enn  $50\text{ m}^2$  BYA i ei høgd.
- d) Utbygging (bustad- og næringsbygg) eller andre tiltak i LNF-område må ikke skade, øydelegge, forandra eller virka skjemmande på automatisk freda kulturminne eller gjera desse mindre tilgjengelege, jf. kulturminnelova §§ 3 og 8. Landbrukssøknader som gjeld vegar, bygg, nydyrkning, planering m.v. og søknader om oppføring av bustader, skal sendast på høyring til kulturminnestyresmaktene.
- e) Det kan gis løyve til mindre tilretteleggingstiltak for friluftsliv, under føresetnad av at tiltaket ikke ligg på dyrka mark, eller er i strid med andre viktige landbruks-, natur- eller friluftslivsinteresser.
- f) Eksisterande bebygde bustad- og fritidseigedommar i LNF område skal håndsamast som dispensasjonssøknader.

#### Retningslinjer for dispensasjoner:

- *Tiltak på fritidsbustader i verneområde håndsamast etter vernereglane for dei ulike områda.*
- *På eksisterande fritidsbustader i nasjonalt villreinområde H 580\_1 kan det gjevast løyve til mindre utvidingar (inntil  $20\text{ m}^2$ ). Samla areal skal ikke overskride  $90\text{ m}^2$  BYA.*
- *På eksisterande fritidsbustader i omsynssone villrein H580\_2 kan det gis løyve til mindre utvidingar (inntil  $20\text{ m}^2$ ). Samla areal skal ikke overskride  $90\text{ m}^2$  BYA.*
- *Eksisterande fritidsbustader i LNF område i 100 meters belte langs sjø skal ikke vere større enn  $90\text{ m}^2$  BYA.*

### 2.4.2. LNF-område med høve til spreidd bustad-, fritids- og næringsbusetnad

Område der det er tillat med spreidd utbygging er vist i plankartet med arealføremål LNF-spreidd eller i matrikkelliste.

#### Føresegner:

- a) Ny utbygging kan skje slik som vist i tabell under. Kommunen skal til ei kvar tid halde rekneskap med kor mange eininger som vert bygd i dei ulike områda i planperioden.

b) Utbygging skal ikke skje på dyrka mark, i plantefelt eller i produktiv skog, eller vera i konflikt med landbruks-, natur-, kulturlandskaps- eller friluftsinteresser, skytebanar eller nedslagsfelt for drikkevatn.

c) Det kan ikke byggast nærmere sjøen enn 100 meter frå strandlinja eller 50 meter frå vatn og elver (100 meter innan verna vassdrag) før området inngår i detaljplan.

d) Bygging skal ikke koma i konflikt med freda eller prioriterte kulturminne. Alle søknader om frådeling av nye tomter til bustad, fritidsbustad eller næring i LNF spreidd områder skal sendast på høyring til Rogaland fylkeskommune for vurdering etter kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.

e) Tiltakshavar skal gjennomføra ROS-analyse av tiltaket som dokumenterer tilstrekkeleg tryggleik. Dette skal inkludere ei vurdering av trafikktryggleiken i området.

f) Nye avkørsler frå offentleg veg skal avklarast med ansvarleg mynde.

g) Bustader skal ikke vera større enn  $250\text{ m}^2$  BYA, med mønehøgd 8 m, gesimshøgd 6 m over terreng. Elles gjeld teknisk forskrift.

h) Fritidsbustader:

- Fritidsbustader som ligg i eksponerte natur- eller kulturmiljø (t.d. eldre stølsmiljø) skal ikke vere større enn  $90\text{ m}^2$  BYA med maks mønehøgde 7,5 m.
- Fritidsbustader utan om dette skal ikke vera større enn  $120\text{ m}^2$  BYA (eksklusiv terrasse) og maks. mønehøgd 7,5 m.

i) Næringsbygg kan ikke ha større grunnflate enn  $300\text{ m}^2$  BYA. Omgrepet næringsbygg omfattar ikkje sjøretta utleigebygg/reiselivsanlegg.

j) På bustadomter kan det byggast garasje/uthus på inntil  $75\text{ m}^2$  BYA i ei høgd.

**Tabell over spreidd bygging i LNF-område med grense for tal ledige einingar pr 01.01.22**

	Område	Tal ledige bustader(B)	Tal ledige hytter (H) (maks storleik $120\text{m}^2$ )	Tal ledige næring (N)
<b>LS_1</b>	Ropeidhalvøya Hebnæs		0H	
<b>LS_2</b>	Ropeidhalvøya Bjørklund	3B		3N
<b>LS_3</b>	Ropeidhalvøya Kallvik-Løvika		3H (1 på 119/2, 2 på 119/3)	
<b>LS_4</b>	Ropeidahlvøya Refsbygda	3B	0H	2N
<b>LS_5</b>	Rørvikvatnet, Vintraleå		1H	
<b>LS_6</b>	Landsnes -Bog		10H	
<b>LS_7</b>	Erfjord, Kolstø		3H	
<b>LS_8</b>	Erfjord, Hålandsdal (3delomr.)	10B		5N
<b>LS_10</b>	Hylsfjorden (2 delomr.)	5B		5N
<b>LS_11</b>	Sandsbygda	10B		5N
<b>LS_12</b>	Herabakka/Galland (2 delomr.)	5B		5N
<b>LS_13</b>	Tjøstheim (2 delomr.)		5H	
<b>LS_14</b>	Underbakka-Lunde	4B		5N
<b>LS_16</b>	Kvilldal	4B		5N
